

## Kontrollutvalet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/21	026	01.02.2021	10.02.2021	JS

### SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

#### Forslag til innstilling

1. Kommunestyret registrerer at representantskapet og selskapet sine organ i Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS ikkje har følgd opp alle punkta som kom fram i selskapskontrollen jfr. Kommunestyret sitt vedtak i sak 94/19 Selskapskontroll av SSR IKS.
2. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og setje i verk dei tiltak som er nødvendige for å tilfredsstille gjeldande regelverk. Sjå revisor sin vurdering/konklusjon.

#### Vedlegg

Oppfølgingskontrollen frå revisjonen, datert 21.10.2020.

#### Saksopplysningar

##### «Kommunestyresak 94/19, vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten frå selskapskontroll ( eigarskapskontroll, budsjettstyring, innkjop - innkjopsrutinar/innkjopspraksis og forvaltningsrevisjon), utarbeida av Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS til vitende.
2. Kommunen sine representantskapsmedlemmer har som eigarrepresentantar eit spesielt ansvar for oppfølginga overfor selskapet.
3. Kommunestyret vil peike på at vedtekne rutinar skal følgjast.
4. Kommunestyret ber representantskapet (kommunen sine representantar) og selskapet sine organ (styret og dagleg leiar) følgje opp det som kjem fram i rapporten og underbygge sine vurderingar og svar i henhold til lover, forskrifter og rettleiaren for sjølvkost knytta opp til merknader som kjem fram i selskapskontrollen.
5. Representantskapet og selskapet sine organ gir tilbakemelding til kommunestyret med kopi til kontrollutvalet innan 15.03.2020.»

##### Frå «Kontrollutvalssak 37/20

##### «SELSKAPSKONTROLL AV SSR IKS - OPPFØLGING

Vi viser Kommunestyret sitt vedtak i sak 94, uttalen til kontrollutvalet i sak 03/20 samt vedlegga i saka. Ut frå det som kjem fram kan det sjå ut til SSR IKS ikkje fullt ut har imøtekomme det kommunestyret gjorde vedtak om i samband med selskapskontrollen. For å få til fullstendig klargjering bør Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS som utførte selskapskontrollen og kjenner godt

til detaljane i undersøkinga, får i oppdrag å sjå at selskapet har utført oppfølginga i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Ordføreren bør også utfordrast på om det som var peika på i eigarskapsdelen er følgt opp.

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet ber Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS sjå etter om rekneskapen 2019 for Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS gir informasjon om Kommunestyret sitt vedtak i sak 94/19 Selskapskontroll av VØR IKS er følgt opp når det gjeld forvaltningsrevisjonsdelen.
2. Kontrollutvalet ber ordføreren gi tilbakemelding på oppfølging av eigarskapsdelen i Selskapskontrollen.»

### **Oppfølging av selskapskontrollen frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.**

Jamfør vedtak i kontrollutvalssak 37/20 pkt. 1 – kommunerevisjonen si tilbakemelding.

### Revisjonen si vurdering

Sjå vedlegget til saka. Kort fortalt kjem dette fram i revisjonen si tilbakemelding:

Fordelingsnøklar:

*Er kvalitetssikra, men ikkje dokumentart av kven*

Renter driftskreditt:

*Her er det retta opp.*

Aktivering av tomter

*Delvis korrigert.*

Nedgravde løysingar

*Det er ikkje teke standpunkt til kven som skal betale for desse.*

*Ut frå revisjonen sine innhenta opplysningar frå Miljøverndirektoratet skal utbygger/ og ikkje av gebyra. Dette er då feil handtert – ikkje retta. Revisjonen er ikkje kjent med om SSR har undersøkt regelverket nærare. Rep. skapet har slutta seg til revisjonen si tolkning. Revisjonen meiner at handtering av nedgravde løysingar kan vere feil.*

Investering – drift

*Investeringskostnader er ført direkte i drifta. Dette var påpeika, men ikkje retta.*

Over/underskotsdisponering

*Feilhandtering, då tidlegare overskot skulle vore oppløyst i 2019.*

Revisjonen si konklusjon

*Vi kan ikkje sjå at alle forhold knytta til selskapskontrollen sin forvaltningsrevisjonsdel er korrigert.*

*Det forelegg etter vår meining også brot på generasjonsprinsippet mht. 5-års frist for oppløysing av overskot for 2014.*

### **Vurdering**

Det er ikkje tilfredsstillande at Søre Sunnmøre Reinholdsværk IKS ikkje rettar seg etter vedtak i kommunestyret (eller alle eigarkommunane sine kommunestyre) på dei tilhøve som Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS har peika på i selskapskontrollen.

Representantskapet/eigarorganet som kommunestyret/a bad følgje opp tilhøva som kom fram i rapporten, burde ha følgd opp kommunestyret/a sitt vedtak.

Når det gjeld pkt. 2 i kontrollutvalet sitt vedtak i sak 43/20 har ein enno ikkje motteke tilbakemelding frå ordføraren.

  
Jostein Støylen  
Dagleg leiar